Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9

Fylke: Rogåland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Høle

Emne: Lauving

Bygdelag:

Oppskr. av: Andreas Ropeid

Gard: Breivik.

(adresse):

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Karl Breivik, f. 1877 i Breivik og bonde dr. Breivik

SVAR

r ytste garden i Høle og soknar nå mest til Riska sokn i Hetland herad. Folket der har lenge ynskt å „koma til" Riska og ventar at det skal verta slik ved den nye kommuneinndelinga.

A.

1. Fram til 1900 lauva dei lite i Breivik, så omlag 500 kjerv til året (3-4 kyr og 15-20 sauer). Det var ikkje årvisst, helst når dei hadde tid til det. (På grannegarden Vårli lenger oppi fjellet lauva dei på denne tid fleire tusen kjerv for året.)
2. Om våren i vårknipa hende det at dei tok ein del råmekvist med nytt lauv på og gav til dyra med same. Kjervalauv av bjørk tok dei om hausten (på haustparten).

3. Dei hogg med sigd. Det røynte mykje på sigden, så dei hadde oftast ein sers sigd til dette arbeide. Det hende ikkje sjeldan at dei nytta ljåsigden, ein sers, sterk sigd som dei nytta når dei tok einer til brenne.

4. Det var dei nedste greinene på trea dei tok. Kom ikkje til å spørja om kylling.

14044

2



5. Lauvet vart bunde i kjervar. Dei bått med ein kvist. Rispalauv var ukjent for K. B.
Det beste var å turka kjervane inne i løa; dei sette dei på ende. Dei turka helst ikkje ute, for då kunne det koma regn i lauvet slik at det vart svart.

6. Før dei fekk hest i Breivik – då K. B. var 14-15 år – bar dei kjervane inn. Seinare kjørte dei.

7. Ikkje spurt.

8. Lauvet låg i løa. Det var sauene som fekk lauv.

9. Det var berre bjørkelauv dei tok, og sauene var glad i det.

10. Nei, det var berre ein alm på garden og den fekk stå i fred.

11. Ukjent

12. Fell bort

13. Ikkje spurt.

14. Det var mest ikkje ask i Breivik. Spurte ikkje om kylling, men i samsvar med 4 skulle det verta svart nei på dette sp.

15. Fell bort

B.

Dei brukte ikkje rakalauv i Breivik.

14044